

STORD I

VELKOMMEN OM BORD I VETERANBÅTEN D/S STORD I



På tur frå Bekkjarvik. Foto: Harald Sætre

Stiftelsen D/S Stord I eig «Stord I» og formålet til stiftinga er istandsetjing, vedlikehald og drift av skipet. Bergen er heimelamma. Seglingsfarvatnet er Vestlandet.

D/S Stord vart bygd på Laksevåg i 1913 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap HSD.


Båten var rutebåt i området Bergen - Sunnhordland og Bergen - Hardanger fram til 1969.

Åra 1969 til 1979 var båten losjiskip for Det Blå Kors i Oslo med namnet «O.T.MOE».

Veteranskipslaget Fjordabåten kjøpte båten i 1981 og som veterantur vart namnet «Stord I». Restaurering starta same året, men vart avbroten av brann i 1987. Istandsetjing starta opp att etter brannen, først av Veteranskipslaget Fjordabåten og frå 2006 tok Stiftelsen D/S Stord I over. I 2013 vart D/S Stord I tildelt passasjer sertifikat (99 passasjerar) og går no opne passasjerturar og leigeturar for firma, lag og organisasjonar.

Båten skal vera eit attraktivt reise- og opplevingsstilbod. Ein maritim kulturskatt vert levande og kallar fram minne frå ein over 100 årig epoke i rutebåttrafikken i distrikta våre.

Formålet med denne faldaren er å gi ei kort innføring i fjordabåtene/rutebåtene si historie og orientera om rutebåten/veteranbåten "Stord"/"Stord I" spesielt.




D/S Stord ved Leirvik. Fotograf ukjend

Fjordabåtene – ein del av kulturarven vår

Fjordabåtene repressenterer ein kulturhistorisk epoke i samferdsia på Vestlandet. Knappt nokon stad var rutebåten viktigare for lokalsamfunet enn her vest. Dei første båtene i ordinære ruter starta opp på Hardangerfjorden på 1850-talet og turistrfikken var viktig. I daglegtalet var nemninga «rutebåtene» vanleg. I ettertid er «fjordabåtene» blitt eit samleomgrep for dei mange rutebåtene. «Dampen» vart etter kvart eit folkeleg namn på rutebåtene i vestlandske fjord- og øysamfunn. Dampen var sjølv livsnerva for dei fleste bygdesamfunn. Dei fleste rutebåtene var kombinerte passasjer- og lastebåtar. Det meste var knytt til Dampen frå fødsel til grav, frå post til landbruksmaskinar, frå hestehandlarar til predikantar. Trufast og pålitleg, om enn ikkje alltd etter rutetabellen.

Dampen var drivkraft i velstandsutviklinga og betra kontakten mellom bygd og by og verda utanfor.

I tidlegare tider, då folk ikkje hadde det så travelt, var det å «gå på kaien» eit viktig møte mellom by og bygd. Dette møtet vart varsla med dampskipa sine karakteristiske dampfløyter. Ringing i skipsklokka var signal om avgang til neste stoppestad.



D/S Stord ved Tritelsnes under krigen. Foto: Knut Vikå

Opplev D/S STORD I

D/S Stord I er eit maritimt kulturminne som skal gjera historia om fjordabåtene levande. Ein tur med «Stord I» skal i seg sjølv vera ei oppleving. Passasjerane får oppleva på nært hald dampmaskina i arbeid, aktiviteten på brua, på dekk og i byssa. Eller ein kan sitja i salongane og oppleva atmosfæren slik den var for 100 år sidan. Den gong kunne ein vera reisande på 1. klasse akter i båten eller på 2. klasse framme i båten, gjerne saman med dekkelast og kreatur.



Maskinsjef Odd Magne og maskinist Tor Leif i maskinrommet. Foto: Harald Sætre

Naturen kjem nær om bord i dampbåten som glir stille gjennom sjøen i sommarsol eller vind og piskande regn. Då hastar det ikkje med å koma fort fram.

Velkommen på tur med "Stord I"



STORD I

Historiske reiser med D/S Stord I

Veterandampbåten «Stord I» har mange fine og interessante turar i seglingsseongen som strekkjer seg frå mai til september. Det er mange familievenlege opplevingsturar med avgang og retur til Holbergskaia/Bergen og turar i distriktet.



På tur i sol på fjorden. Foto: Harald Sætre

«Som å reise i gamle dagar...»

Årleg vert det arrangert tur 2. pinsedag saman med andre veteranbåtar frå Bergen til ulike stader på Strølandet. Torgdagen har «Stord I» tradisjon for å gå i rute mellom Bergen-Sotra, tur/retur.

Gjennom sommaren går det fleire rundturar med dampbåten «Stord I», Gamle Vossebanen og veteranbussar. Høvesvis strekningane Holbergskaia/Bergen – Garnes – Widdtun - Holbergskaia, eller andre vegen.

Vi kallar denne rundturen: «Som å reise i gamle dager...» eller «Bergen Heritage Tour». Dette er ei turstoppleving av høg klasse!


Stiftelsen D/S Stord I vil frå 2017-seongen prøva ut tur til Hardanger i fruktblømsstida i mai/juni då det også vert arrangert Hardanger Musikfest.

«Stord I» skal gå "i rute" til og frå Hardanger og mellom stader i Hardanger der det er musikkarrangement.

Årleg er det også tur til Sunnhordland med kveldsturar ut frå

Leivvik, og då gjerne rundtur gjennom Fjelbergssund og

Høylandssundet om Halsnøy tilbake til Leivvik



1. Klasse spisesalong Foto: Christen Backer-Røed

D/S Stord I

- 1913:** Levert frå Laxevaag Maskin- & Jernskipsbyggeri, Laksevåg, til Hardanger Sunnhordlandske Dampskips selskap – HSD som «Stord»,
376 BRT. 47,4 m x 7,3 m x 2,7 m.
Laxevaag trippel dampmaskin på 470 IHK.
- 1931:** Lengd med 3,3 m og ombygd. Ny tonnasje 464 BRT.
- 1949:** Ombygd til motorskip. 2 x 12-syl. 4-T dieselmotorar på tilsaman 1000 BHK.
- 1969:** Selt til Oslo Krets av Det Blå Kors. I opplag som losjiskip i Oslo under namnet «O. T. Moev».
- 1979:** Selt til Norsk Veteranskipsklub, Oslo. I opplag.
- 1981:** Selt til Veteranskipslaget Fjordabåten, Bergen/Stord. Restaureringsarbeid byrja.
- 1987:** Restaurert og tilbakeført som dampbåt. Teknikk prøvetur 7. mai. Sterk skadd under ein brann 20. mai. Laget vedtok å byggja opp att båten.
- 1991:** Status som verneverdig fartøy av Riksantikvaren.
- 2005:** Første tur for eiga dampmaskin etter brannen. Innredningsarbeida tok til.
- 2006:** Overtørt til Stiftelsen D/S Stord I.
- 2013:** Passasjerstiftakat i drift i sommarhalvåret.



Om stiftelsen D/S Stord I

Stiftelsen D/S Stord I er ei ideell stifting og all aktivitet i stiftinga sin regi er dugnadsbasert.

Våren 2017 er det 40-50 namn på listene over dugnadspersonar fordelt på navigatørar, maskinistar, matrosar og restaurasjonspersonell. Dugndsarbeidet omfatar istandsetjing og vedlikehald av «Stord I», å vera menneskap i seglingsseongen og å delta i styrearbeid og administrasjon. Vil du bli med i dugnadsflengen: ta kontakt med menneskap om bord.

Veteranskipslaget Fjordabåten

Veteranskipslaget Fjordabåten er ein medlemsorganisasjon for personar med interesse for veteranskip.

Laget eig M/S Granvin og restaurerar, vedlikehald og driftar denne veteranbåten. Årsmøtet i Veteranskipslaget Fjordabåten vel styret til Stiftelsen D/S Stord I. Medlemskap i Veteranskipslaget Fjordabåten er ope for alle og kan teiknast på nettet: www.fjordabaaten.no

Informasjon på nettet:

Stiftelsen D/S Stord I/ «Stord I»: www.fjordabaaten.no og Fb: Stord1. Jubileumbok: «Eit skip heitte Stord...» 100 år på fjorden. Boka er for sal om bord i D/S Stord I på postkontoret og i byssa.

Billettal og informasjon om opne turar:

<https://stord1.ticketco.no>. BT/forde/reise

Her finn du oss:

Fast kaiplass i Bergen: Holbergskaia

Adresse:

Stiftelsen D/S Stord I, Postboks 1740, 5816 Bergen.

Grasrotandel

Vil du gje di støtte til Stiftelsen D/S Stord I? Grasrotandelen gjev deg som spelar høve til å vise kven som skal motta noko av overskotet til Norsk Tipping. Kvar gong du spelar kan du velje å støtte det laget eller foreninga du meiner fortjener det mest.

Me oppfordrar deg til å støtta Stiftelsen D/S Stord I.

Stiftelsen D/S Stord I organisasjonsnummer: 89 955 732



BERGEN
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE